



**Referat frå møte i Hardanger kulturråd,  
mandag 29.10.18 kl 1000 – 1500 på kommunehuset i Eidfjord**

Tilstades:

Lisbeth Bygstad Celik, Eidfjord kommune

Mary Ann Sørheim, Kvam herad

Else Marie Sandal, Odda kommune

Anne Marit Lekve, Ulvik herad

Olav Seim, Granvin herad

Ingvild Ystanes, Ullensvang herad

Frå Hardangerrådet: Trude Rinaldo og Jostein Eitrheim

Forfall:

Jondal kommune

Agenda:	10.00 – 12.00:	Sakshandsaming Hardanger Kulturråd
	12.00 – 12.30:	Lunsj
	12.30 – 14.00:	Sakshandsaming Hardanger Kulturråd

Sakliste:

**Sak 1. Saker innmeldt ved starten av møtet**

Finansiering av Hardanger Berlin. Spleiselaget.

**Sak 2. Tildeling av midlar Regionalt kulturfond Hardanger**

**Rammer for tilsagn:**

- Rammevilkåra skal fylgjast.
- Tilsagn føreset at Hardangerrosa vert profilert/brukt i all marknadsføring og trykksaker av arrangementet.
- Det vert krav om enkel rapportering i ale tilsagna.

**Tildeling 2018:**

**1) Hardanger folkeminnelag - Stadnamn Vestre Hardangervidda**

Avslag. Nådde ikkje opp med dei begrensa midlane me har.

**2) Landsfestivalen /Hardanger Spelemannslag - Landsfestivalen til Kinsarvik 2019**

Tilsagn! Løyver kr 80.000,- i 2018, og ber dei om å søkja på nytt i 2019 for midlar då.

Ein god søknad med grundig arbeid. Arrangementet set Hardanger i fokus og fremjar lokal identitet.

**3) Hardanger Spelemannslag - 70 års jubileum**

Avslag. Nådde ikkje opp med dei begrensa midlane me har.

**4) Hardanger kunstlag og Harding Puls - ODDArt 2019**

Tilsagn. Løyver kr 20.000,- Dette er eit flott tiltak.

**5) Bygdagnist - forprosjekt Hardanger kultursentrum**

Avslag. Nådde ikkje opp med dei begrensa midlane me har.

**Sak 3. Kulturkraft Hardanger.** Tilbakemelding frå kultur- og næringsgruppa ved Lisbeth.  
**Vedlegg:** Søknad prosjekt : “KulturKraft Hardanger - regional kunst- & kulturklynge for profesjonelle aktørar.”

Kulturkraft Hardanger vart stifta 14. mai 2018, og prosjektet er inspirert av “Hardangersmak”. I styre sit Stig Lundblad, Ingvild Ystanes, Solfrid Aksnes og leiar i Hardanger kulturråd. Prosjektet har som mål å få ein 100% prosjektstilling. Søknaden er sendt, ventar no på tilbakemeldingar og tilsagn.

### **Korleis få tid til å vera kreativ, samstundes som ein driv business?**

Hordaland fylkeskommune var med å initierte dette samarbeidet og temaet. Harding Puls er aktiv initiativtakar og pådrivar på vegne av Hardanger.

Kva skal KulturKraft Hardanger driva med?

- ★ Laga møteplassar.
- ★ Skapa eit større fellesskap med gode nettverk, som styrkjer alle.
- ★ Kultur & Reiseliv heng saman. Korleis utvikla og skapa ilag?
- ★ Hardanger Næringshage - korleis tenkjer ein entreprenørskap? Må driva business om ein skal leva av kunst og kultur.
- ★ Korleis bygga ein digital plattform - kan ein løysa dette i fellesskap?
- ★ Ulike former for marknadsføring, framsnakka kultur, gjennomføra berekraftige løysingar.

Spørsmål/refleksjonar til dette arbeidet

- Er det ein handlingsplan i forbindelse med søknaden?
- Spele ball med andre aktørar, så blir kaka større.
- Må arbeida tydeleg med entreprenørskap i arbeidet. Eksempel Galleri Guddal - det er business. Uten business- uten galleri.
- Korleis kan ein bruka kulturen inn i marknadsføring av dei nye Hardangerkommunane

**Sak 4. Kultursatsinga i Hardangerkommunane** - tankar etter møte med Knut Olav Åmås i Hardangerrådet 13.09.18.

**Hardanger kulturråd vil få til eit fellesmøte med regionrådet i 2019 . Der me vil sjå kor er ståstaden no? Forslag til dato er : 13. juni 2019,då har Hardangerrådet og Rådmannsforum eit felles møte.**

Kva skjer med kultur og kunst i kommunane når ein ikkje har denne bindinga/ denne ressursen som ein kultursjef er ?

- Saknar kompetansen og nettverket som ein slik har, og uten ein kultursjef, er det mykje drift frå dag til dag, og brannslukking.
- Ein må ha respekt for faget, og må kunna skilja på kvalitet med kompetanse og kunnskap.
- God kultur og identitet er “BLI-lyst” trivsel og gjera det verdt å vera her. Nokre stader også vore viktig for å få arbeidskraft.

Korleis få kultur på banan?

- Kan HK laga eit skriv/tilbakemelding til ordførarane. Skriva noko der HK legg fram alt som er bra, tydeleggjer kor viktig dette arbeidet er og peika på utfordringar nå kultur vert nedprioritert.
- "Korleis klarar ein å koma frå å vera glansbilde , til å bli ein del av det viktige arbeidet."
- Viktig å vera tydeleg på at kultursektoren også må få rom til å driva utvikling, ikkje berre drift. Nokre kommunar har 25/75 på Kapasitetstid. Dvs 25% av tida er ikkje del av kapasiteten, men skal vera tid for å skapa.
- Kunne ein gje midlar til "popup" konsertar/arrangement rundt om i kommunen - relasjonsbygging med mange ulike tiltak og festar. Kanskje bygdene er mykje flinkare til å ha "pop up" enn byen?

### **Sak 5. Kultursjef situasjonen i Hardanger.**

Drøfting.

**Sak 6. Reiseliv + kultur.** Større forståing og meir samspel. Diskusjon

I Eidfjord er det f. eks store utfordringar enkelte dagar pga enormt mange turistar.

At ein arbeider i "Siloform", gjer det utfordrande å ta tak i.

Ein konstruktiv måte å arbeida på kan vera : innbyggjar perspektiv-næring-reiseliv/gjest

Andre har også god erfaring med å arbeide på tvers av sektor.

KulturKraft: Suksessen er å prata med dei andre næringane.

Bærekraftig reisemål:Arbeid med bærekraft er viktig også for kultur.

### **Sak 7. Møtekalender for Hardanger kulturråd 2019.** Diskusjon om møtefrekvens

Møtedatoar for Hardanger kulturråd 2019:

- 18. februar
- 20.mai
- 13. juni
- 2.september
- 2.desember

### **Sak 8. Ymse**

Fullfinansiering Hardanger Berlin. Diskusjon.

Kan me ta opp Hardanger Berlin på Hardingtinget i 2019

Kultur ynskjer å vera del av Hardangerkonferansen og Hardingtinget.

### **Sak 9. Kva skjer i Kultursektoren i Hardangerkommunane**

**Eidfjord:** Her skjer mykje, og no er det fyrst Rakfiskfestival i november.

Eidfjord kommune utfordrar Hardanger matkultur til å verta grøn festival.

Det kjem fleire konsertar før jul . Mange oppgåver for kultursektoren.

**Ulvik:** Poesifestivalen, den kulturelle skulesekk og sparserstokk er viktig arbeid.

Kommunen samarbeider med mange gode arrangement.

F. eks på Oktobertorg er det samarbeid mellom bygdeutviklar, næringslag, cittaslow, kortreist mat. Det var også flott tilbud til kildesortering denne dagen.

Inspirert av "Teikn din eigen skuleplass" - no kjem dei til Ulvik.

**Kvam:** Rikt frivillig arbeid i Kvam, det skjer mykje.

Mål å arbeida inn imot oppvekst, barnehjelp og kultur.

Kultur vart ikkje lagt inn i oppvekst. Kulturarvdelinga er organisert i «Avdeling for samfunn, utvikling og kultur», og leiar for avdelinga har god plankompetanse. Kommunen har utarbeidd Kulturminneplan, Plan for idretts- og friluftsliv, - og skal i gang med Frivilligplan.

Kulturskulen er flinke å omstilla seg. No er bornas verdsdag og nøringen nye måtar å arbeida på.

Forvaltningsrevisjon korleis vert dei kommunale kulturmidlar brukt.

Fekk tilbakemelding og har gjort stort arbeid med korleis ein deler ut midlar.

Mange festivalar, med Kink dagane, Bygdalarm og Hardingtonar i spissen. Ordføraren reiser rundt og kastar glans og representerar kommunen.

**Ullensvang:** Frivilligsentralen har 30% stilling på tilskuddsordningar og arbeid med den kulturelle sekken.

Ingvild er sett inn i kultur, men treng tydelegare mandat. Ho er no i forhandlingar om 20 % stilling som kulturleiar i Ullensvang.

**Odda:** 50 % stilling for Knud Knudsen prosjektet. Driv det arbeidet framover.

Regionalt samarbeid for Hardangerbiblioteka fungerer veldig godt.

Biblioteka utvekslar spørsmål og erfaringar, har arrangements turnear, allereie 2 i haust.

Desse reiser då rundt i heile Hardanger.

Har også ansvar for den kulturelle spaserstokken i kommunen. og Barne og ungdomsprogram på Litteratursymposiet.

Uten kultursjef så dett det ned ulike saker og tilbud fordi ein ikkje har ein naturleg mottakar.

Nokre gonger også ansvar for å skriva saker til politisk behandling.

**Granvin:** Regionalt samarbeid for Hardangerbiblioteka er til stor nytte for Granvin bibliotek. Frå 01.01.2019 vert Voss- og Granvin bibliotek samordna med felles leing. Dette vert første tenesta som vert samordna og klar for Voss herad.

Kulturbanken med bibliotek har vore ein suksess for Granvin.

Granvin herad har dei siste åra satsa på prosjekt knytt til folkemusikkmiljøet i bygda.

Prosjekt spelarhøla Granvin er eit samarbeidsprosjekt mellom Granvin ungdomslag, spelmansmiljøet i Granvin, eldsjeler, [hardingfela.no](http://hardingfela.no) og Granvin herad. Prosjektet har fått stønad frå Sparebankstiftinga Hardanger.

Alexander Aga Røynstrand er tilsett som prosjektleiar. Prosjektet har motivert til auka merksemd for folkemusikken i bygda – det vert arbeidd mykje med dokumentasjon og formidling av folkemusikken til nye generasjonar.

«Granvin frå herad til bygd – Granvin 2020» er eit nystarta prosjekt med Tina Kjerland som prosjektleiar. Målet er å invitera inbyggarane i Granvin til å vera med på ein dugnad for at bygda kan veksa og få ei positiv utvikling etter at Granvin vert del av Voss herad.

**Referat Trude L. Rinaldo**

